

Forskrift om saksbehandling i saker om odelsfrigjering etter odelslova §§ 30 til 32

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 11. februar 2011 med heimel i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten § 33, jf. kgl.res. av 11. februar 2011.

§ 1. Formål og virkeområde

Denne forskrifta har til formål å sikre effektiv og forsvarleg saksbehandling i saker om odelsfrigjering etter lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (heretter kalla odl.) §§ 30 til 32.

§ 2. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a) odelseigedom: den eigedom som det blir søkt om odelsfrigjering av.
- b) odelsfrigjering: eit vedtak som inneber at kvar og ein av odelsrettshavarane på tidspunktet for vedtaket, misser sin odelsrett.
- c) odelsfrigjerar: den som har søkt om odelsfrigjering etter odl. §§ 30, 31 eller 32.
- d) odelsløysar: den som har teke ut stemning mot eigaren etter odl. § 60.
- e) odelsretthavar: den som har odelsrett til eigedomen.

§ 3. Generelle krav til søknad om odelsfrigjering

Skriftleg søknad om odelsfrigjering etter odl. §§ 30 til 32 skal sendast til kommunen der odelseigedomen ligg. Kopi av odelsfrigjeraren sitt ervervsdokument med løyer og forkynt stemning i odelsløysingssaka skal leggjast ved søknaden. Søknaden skal innehalde opplysningar om kva som er formålet med odelsfrigjeringa.

Dersom kommunen eigedomen ligg i står som odelsfrigjerar, skal saka etter vanleg saksførebuing, jf. forskrift av 8. desember 2003 nr. 1480 om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven § 1, sendast til Fylkesmannen som avgjer om det skal takast steg til odelsfrigjering.

§ 4. Særlege krav til søknad om odelsfrigjering etter § 31

I tillegg til opplysningar som nemnde i § 3, skal søknad om odelsfrigjering etter odl. § 31 innehalde opplysningar om mellom anna

- a) alt landbruksareal odelsfrigjeraren eig eller disponerer på anna grunnlag med spesifisering av gards- og bruksnummer og kor mykje av areala som fell innanfor kvar av kvalitetskategoriane fulldyrka jord, overflatedyrka jord, innmarksbeite, utmarksbeite, produktiv skog og areal ute av drift og
- b) kva slag produksjon det er på areala.

§ 5. Frist for å søkje om odelsfrigjering

Søknad om odelsfrigjering etter odl. §§ 30 til 32 må setjast fram innan to månader etter at stemning i løysingssak blei forkynt for eigaren. Kommunen kan gi oppfrisking for oversittning av fristen etter odl. § 30 og § 32. Det kan ikkje gjevast oppfrisking for oversittning av fristen etter odl. § 31.

§ 6. Varsling av odelsrettshavarane om deira rett til å gi uttale

Kommunen skal straks søknaden er motteke, så langt det lar seg gjere, gi odelsrettshavarane høve til å uttale seg om odelsfrigjeringsspørsmålet.

Overfor den som det er vanskeleg å gi individuelt varsel, er det nok med kunngjering i Norsk Lysingsblad og i ei avis som er årment lesen på staden.

§ 7. Frist for odelsrettshavarane til å gi uttale

Kommunen skal setje ein uttalefrist på ein månad. Denne fristen skal gjelde både for den som får individuelt varsel og den som får varsel gjennom kunngjering som nemnt i § 6 andre ledd.

Kommunen skal be odelsrettshavarane om å sende uttalen til kommunen.

§ 8. Kommunen si plikt til å innhente opplysningar

Kommunen skal innhente opplysningar som ikkje går fram av odelsfrigjeringsøknaden når opplysningane kan ha noko å seie for avgjerala i saka.

§ 9. Kommunen skal vurdere om det skal takast steg til odelsfrigjering og varsle retten.

Når kommunen meiner saka er godt nok opplyst, skal den utan ugrunna opphald avgjera om det skal takast steg til odelsfrigjering.

I alle saker etter odl. §§ 30 til 32 skal kommunen kontrollere om søknad om odelsfrigjering er sett fram av eigaren innan 2 månader rekna frå stemning i løysingssaka blei forkjent for han.

Gjeld søknaden odelsfrigjering etter odl. § 30, skal kommunen vurdere om

- a) den aktuelle eigedomen er odelsjord, og om
- b) staten eller ein kommune har teke over, eller vil ta over slik jord.

Gjeld søknaden odelsfrigjering etter odl. § 31, skal kommunen vurdere om

- a) ”*odelsrett vil skiple ei eigedomstileigning*”, og om
- b) ervervet er ”*godkjent av di kjøparen bør få tilleggsjord*”. Kjem kommunen til at det ikkje ligg føre ei slik godkjenning, må kommunen ta stilling til om kjøparen bør få tilleggsjord.

Gjeld søknaden odelsfrigjering etter odl. § 32 andre ledd, skal kommunen vurdere om

- a) nokon friviljug har ”*late frå seg odelsjord*”,
- b) overtakar har søkt om odelsfrigjering.

Kjem kommunen til at vilkåra er oppfylte for den aktuelle søknaden, skal kommunen varsle retten om at det vil bli teke steg til odelsfrigjering, og be om at løysingssaka blir stansa, jf. odl. § 33, andre ledd. Kommunen skal varsle partane om at det vil bli teke steg til odelsfrigjering og at løysingssaka blir stansa.

Kjem kommunen til at vilkåra ikkje er oppfylte, skal kommunen avslå søknaden om odelsfrigjering. Avslaget kan påklagast til Fylkesmannen.

§ 10. Kommunen si uttale når det gjeld spørsmålet om odelsfrigjering (realiteten)

Kjem kommunen til at det skal tas steg til odelsfrigjering, skal den gi uttale om sitt syn på spørsmålet om odelsfrigjering (realiteten) og sende saka til Fylkesmannen. Kommunen skal sende kopi av uttala si til partane og dei andre odelsrettshavarane. Kommunen skal be dei senda sine merknader til uttala til Fylkesmannen.

§ 11. Fylkesmannen si behandling

Fylkesmannen skal avgjere odelsfrigjeringsøknaden når saka er så godt opplyst som mogleg.

Fylkesmannen skal innhente uttale i saker etter odl. §§ 30 og 32 frå det departementet som odelsfrigjeringsformålet høyrer inn under.

Blir vedtaket påklaga, skal Fylkesmannen behandle klaga etter reglane i forvaltningslova.

Tek ikkje Fylkesmannen klaga til følgje, skal klagesaka sendast til Statens landbruksforvaltning. Statens landbruksforvaltning skal foreleggje klaga for det departement som odelsfrigjeringsformålet høyrer inn under.

§ 12. Varsel til retten om det endelege utfallet av odelsfrigjeringssaka

Det organet som treffer det endelege vedtaket i odelsfrigjeringssaka, skal varsle retten om utfallet av odelsfrigjeringssaka.

§ 13. Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

§ 14. Overgangsreglar

Har departementet med forvaltaransvar for formålet med odelsfrigjeringa starta førebuing av odelsfrigjeringssak for Kongen etter odl. § 30 før forskrifta her tok til å gjelde, skal saka behandlast etter dei tidlegare reglane.

Søknader etter odl. § 31 som er innkomne til Fylkesmannen før forskrifta her tok til å gjelde, men som ikkje har vore gjenstand for førebels vurdering av Fylkesmannen, skal hansamast etter reglane i forskrifta her. Søknaden skal såleis sendast til kommunen i dei tilfella Fylkesmannen ikkje har gjort den førebelse vurderinga, slik at kommunen kan avgjere om det skal takast steg til odelsfrigjering.

Har forvaltningsorganet med avgjerdsmyndigkeit etter odl. § 32 starta førebuing av søknad om odelsfrigjering før forskrifta her tok til å gjelde, skal saka behandlast etter dei tidlegare reglane.